

## 1    **Innsats i skulen mot negativ sosial kontroll**

2

3    Dei siste åra har integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) tilsett fleire  
4    minoritetsrådgivarar på ungdomsskular og vidaregåande skular der det er  
5    utfordringar knytt til sosial kontroll blant minoritetsungdom.

6    Mykje av minoritetsrådgivarane sine oppgåver går ut på å jobbe med elevar som  
7    opplev negativ sosial kontroll og bidra til utvikling på feltet, i tillegg til å  
8    førebyggje og informere lærarar, elever, foresatte og eksterne aktører om  
9    problemstillinga. Erfaringar syner at skular med minoritetsrådgivar generelt er  
10    betre rusta til å fange opp elevar som opplev negativ sosial kontroll.

11    Ungdomstida opplevast for mange som ei tid med auka fridom, men for mange  
12    er det også som ei tid med auka sosial kontroll. Difor er det viktig å gi ungdomar  
13    eit tilgjengeleg lågterskeltilbod på skulane, der dei møter fagpersonell med rett  
14    kompetanse for å motverke negativ sosial kontroll, men også problemstillingar  
15    som kjønnslemlesting, æresrelatert vald og tvangsekteskap.

16    Senterungdommen vil:

- 17    • Arbeide for å styrke innsatsen rettet mot negativ sosial kontroll i tråd med  
18    Hurdalsplattformen.
- 19    • Utarbeide retningslinjer for korleis kommunene og skulane skal jobbe  
20    systematisk mot negativ sosial kontroll.
- 21    • Tilsetje minoritetsrådgivarar på skular som rapporterer om elevar som  
22    opplever langvarig problem rundt negativ sosial kontroll. Dersom det ikke  
23    er behov for en egen minoritetsrådgiver bør det vurderes å ansette lærere  
24    med relevant sosialfaglig kunnskap.

25

26    Forslagstiller: resolusjonskomiteen